

Innspel til oppstart av områdeplan med planprogram for Ostereidet

Ostereidet bygdelag viser til kunngjeringa om oppstart av områdeplan for Ostereidet med framlegg til planprogram og kjem hermed med våre innspel.

1. Temaet utgreiing om differensierte rekkjefølgjekrav må inn i planprogrammet

Bygdelaget meiner at fleirbrukshallen berre må få rekkjefølgjekrav som gjeld tilkomst, veg og vatn m.v. Kan ein bruka eksisterande parkeringsplassar i starten vil det vera ein stor fordel. Sidan fleirbrukshallen skal erstatta idrettsbygget, og aktivitetar som i stor grad alt føregår i skuleområdet, kan ein ikkje sjå at det er rett å kopla rekkjefølgjekrav om nytt fortau ned Lindstallen til fleirbrukshallen. Bygdelaget meiner det er svært viktig at Osterhallen vert realisert snarast mogeleg. Eventuelle tilbygg på skulane kan heller ikkje reknast som trafikkskapande i seg sjølv, sidan mesteparten av elevane i krinsen anten bur i bustadfeltet rundt skulen utan å måtte gå ned Lindstallen, eller vert køyrd inn med skulebussar. Ein ber difor om at dette vert skikkeleg utgreidd i planarbeidet, og at kommunen ikkje lar statlege etatar overstyre kommunen som planmynde når det gjeld rekkjefølgjekrav.

Når det gjeld bustadfelt ved senterområdet og Ostertunet meiner bygdelaget at det er naturleg å ha krav til at det vert bygd fortau ned Lindstallen. Bygdelaget meiner at det i planarbeidet bør lagast ein gjennomføringsplan for fylkesvegutbetringa med fortau, som sikrar at ein kan få realisert dette i løpet av 4 år. Her bør kommunen invitera Hordaland fylkeskommune/ Statens Vegvesen og private utbyggjarar til ei drøfting tidleg i planprosessen, med føremål å få til eit spleiselag.

2. Lokalisering av Osterhallen

Ostereidet bygdelag ber om at den planlagde fleirbrukshallen (Osterhallen) vert lokalisert på ein sentral stad i oppvekstområdet, og at symjebassenget samstundes vert ivareteke på ein god måte, helst med ei plassering så sentralt i skuleområdet og nært kunstgrasbana, slik at hallen vert ein naturleg møteplass og samlingsplass for bygda/ krinsen.

3. Areal til skuleføremål og betre tilkomst til barneskulen i framtida må utgreiast i planarbeidet

Bygdelaget meiner at reguleringsplanen må sikra meir skuleareal rundt både ungdomskulen og barneskulen, og at ein må regulera inn fleire parkeringsplassar og betre og ny tilkomst både til barneskulen. Noverande tilkomstveg opp til barneskulen er både trafikkfarleg og uheldig for skulemiljøet ved ungdomskulen. Både betre parkering og ny tilkomstveg til barneskulen må inn i planprogrammet som eit eige utgreiingstema.

4. Punkt 4.6 gi planprogrammet går ut

Behovet for å laga ekstra gangveg over utmarka frå skuleområdet meiner bygdelaget ikkje er så stort, og ein meiner at dette punktet 4.6 i planprogrammet difor kan gå ut. Det er etter vår vurdering betre å ha skikkeleg fokus på realisering av nytt fortau langs fylkesvegen, fordi det er denne dei fleste vil bruka sjølv om det skulle koma gangveg i utmarka. Fortauet langs fylkesvegen ned Lindstallen er også eit svært viktig trafiksikringstiltak, og difor ber om at dette får stort fokus i planarbeidet. Viktig at ein her går for ein utbetningsstandard med enkelt fortau på eine sida, slik at dette vert økonomisk realiserbart.

5. Senterområdet må utviklast i samsvar med kommuneplanen sine føringar

Bygdelaget vil vise til at det er viktig at sentrumsområdet får gode utviklingsareal og at det er viktig å få til ei konsentrert utbygging i dette området. Den gode landsbyen med fleire forretnings- og tenestetilbod enn i dag må vera målet. Me støttar planprogrammet når det gjeld dette området.

Bygdelaget ber om å verta invitert med i planarbeidet tidleg i den vidare prosessen.

Venleg helsing

Ostereidet bygdelag